

Prikkfri skjenkekontroll

02.05.2011

Skjenkekontrollørane var innom både Helgheim og Systrene Nilsen den 17. april - natta til palmesundag. Dei hadde ingen kritisk merknad til det dei såg klokka 1.

Av begge rapportar går det fram at tydeleg rusa personar ikkje fekk tilgjenge til lokala og at det ikkje vart observert overskjenking.

Heller ikkje vart det observert alkohol som var teken med inn eller ut. Det var mogeleg å få servert alkoholsvak eller alkoholfri drikk og reklameforbodet vart halde.

Om det vart skjenka til nokon under gjeldande aldersgrense vart ikkje kontrollert.